



# NORDDAL KOMMUNE

6210 Valldal

## Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

### 1. Handsaming av søknadene og fordeling av tilskota

Kommunestyret fastset kvar år ramma til kulturmidlane som ein del av budsjettvedtaket. Rådmannen fremmar forslag til fordeling. Fordeling av kulturmidlane vert gjort av administrasjonen jfr. delegasjonsreglementet - delegering til rådmannen - pkt 7.3.2. Andre tilskot vert politisk handsama av Formannskapet når dei er over 5.000 kr. Mindre summar vert handsama administrativt.

### 2. Tilskot kan gjevast til:

- Alle lag og organisasjonar innanfor kultursektoren med verksemd i Norddal kommune.
- Lag og organisasjonar innanfor kultursektoren som bygg på større geografiske områder, føresett at deira verksemd er av vesentleg betydning for kulturlivet/kulturtilbodet i Norddal kommune.
- Enkeltpersonar som driv kulturaktivitet i Norddal kommune.

Har ei foreining/organisasjon sjølvstendige under-/særgrupper, vert det berre gitt tilskot etter søknad frå hovudlag. Alle søknader som gjeld undergrupper må koordinerast i ein søknad. Lag og organisasjonar må vere basert på individuelt medlemsskap, og i prinsippet vere opne for alle interesserte. Leiinga skal vere valt av medlemane, og ein skal ha vedtekne vedtekter eller lover.

Alle som får tildelt kulturmidlar pliktar å godta ordninga med følgjeteneste. Kjem ein funksjonshemma til eit arrangement med følgje, skal følgje sleppe gratis inn.

### 3. Dei tradisjonelle kulturmidlane vert oppdelt i desse grupperingane:

Søknadsfrist for alle: 1. april på eige skjema.

#### 3.1 Song og musikk

Driftstilskot vert gjeve til lag og organisasjonar som driv musikalsk aktivitet, og som ikkje har kommersielt føremål. Søknadene i denne gruppa vert sendt til Norddal musikkråd for uttale og forslag til fordeling.

#### 3.2 Barn og unge

Driftstilskot vert gjeve til lag og organisasjonar som driv eit kontinuerleg arbeid retta mot barn og ungdom opp til 20 år. Barne- og ungdomsarbeidet kan vere søkjaren si hovudmålsetting, eller inngå som ein del av søkjaren si totale verksemd. Er barne- og ungdomsarbeid ein del av den totale verksemda, må dette vere spesifisert i søknaden.

#### 3.3 Idrett

Søknad kan sendast frå lag, foreiningar og grupper som driv idrettsleg aktivitet, og som ikkje har kommersielle føremål. Søknadene i denne gruppa vert sendt til Norddal Idrettsråd for uttale og forslag til fordeling.

### **3.4 Forsamlingshus**

Dette er eit tilskot til investeringar, og ikkje til drift og ordinært vedlikehald. Hus knytt til idrett kan ikkje søkje her då dei kan få finansiering via spelemiddelordninga.

### **3.5 Andre**

#### **4. Andre tilskotsordningar**

##### **4.1. Leiaropplæring**

Lag og foreiningar kan søkje om støtte til leiaropplæring innan barne- og ungdomsarbeid. Ingen søknadsfrist.

##### **4.2 Aktivitetstilskot**

Ein kan søkje om tilskot til særskilte tiltak (prosjekt). Dette er avgrensa tiltak som er nyskapande og utprøvande.

Søknadsfrist: Minst 6 veker før tiltaket skal settast i verk.

##### **4.3 Tilskot til større arrangement**

Det blir ikkje gitt tilskot til faste arrangement som blir gjennomført. Støtte kan gjevast til nyskapande arrangement, eller utviding ev eksisterande tilbod.

Søknadsfrist: Minst 6 veker før arrangementet.

*Vedteke i kommunestyret 21.06.12*